

Utstillinga «Godt handlag»

Av Helga Reidun Bergebakken Nasset

«Godt handlag» er namnet på håndverksutstillinga i Stallen. Her presenteres fine og sjeldne gjenstander frå dei lokale museumssamlingene, og frå privatpersonar.

Tanken bak utstillinga var å samle gjenstander med utspring i lokale ressurser, trematerialer frå skogen, metall frå bergverksbedriftene, skinn, lær, hår, ull, bein og horn frå februket. I neste omgang ville ein fokusere på ulike håndverksteknikker som har gått i arv og blitt overlevert frå generasjon til generasjon.

Døra

Ein kjem inn i rommet ved å åpne ei rikt dekorert dør, utskåre og måla med ornamenter henta frå eldre dekorasjoner i distriktet. Døra er laga av Nina von Hirsch i Fiskviklia, Ytre Rendal, og kosta av Sparebanken Hedmark.

Tregjenstander

Vie og teiger er råvarer til teigerkorg, sukkerkopp og kolvfat. Gjenstandene er laga i gamle fletteteknikker.

Med kniven som redskap kan ein gjere skjær

med rik pryding, likeeins lage kunstferdig utforma topper på ljàorver.

Med meir redskap kan trematerialet arbeides og formes gjennom mange ulike teknikker som lagging, sveiping og dreining og i tillegg skjæres i. Gjenstander i desse teknikkane blir synt fram her.

Hud og skinn

Bruk av skinn og hud var tidlegare nødvendige råstoffer. Huder vart garva og barka og m.a. brukt til sko og skrepper som vist fram her. Alle typer skinn vart nøye utnytta. Her er den gamle sengkleda presentert gjennom kalvskinnsfellen under (som laken) og sauskinnsfell over, med hovudpute i heimevove ullstoff. Skinnen av heile dyr vart og nytta, ein skinnhit (sekk) er døme på dette.

Garn og tagl

«Dei brukte det dei hadde», ja så sanneleg gjorde dei det! Ein av utstillingsmonterne inneheld tekstiler laga av hest- og kutagl, og av garn spunne av saueull. Eit par tåhetter, ein rund hårsil og ein fiskarvott frå Femund er alle laga av kutagl i nålbindingsteknikk. Rypsnorer er tvinna av hestetagl. Som ein kontrast finn ein mønstervevde band i plukketeknikk og eit muddband, 4 meter langt, bregda på stong.

Horn og bein

Horn og bein blir til alt fra høvre med innrissa mønster, bakstetrinse og fløyte av saulegger, bukkhorn

som instrument, og til barneleiker av beinknokler.

Jern

Utvinning av myrmalm til jern har lange tradisjoner i Nord-Østerdalen, likeeins smedkunsten. To typer kakejern, kubjølle med klave og hestebigsel er gjenstander i utstillinga.

Andre metallgjenstander

I tillegg til nytte- og bruksgjenstander har ein og plukka fram prydgjenstander. Messingknapper og ulike søljer representerer her draktsølvet i distriktet.

Bandåkle

Bandåkleet, opprinneleg frå Vingelen, er eit av kle- nodia her. Dette er laga av vevde band som er sydd saman til eit stort åkle. Banda har mange ulike mønster og har følgjande innvovne skrift: «Gjør mig en mage og skik mig den til bage din skarv. Dette stykke er gjort i mit 55 aar. Den første november 1949. Kiersti Halvorsdatter Rø. I Vingelen».

Gammal dekorert dør

Denne døra er fra Odden i Narjordet, frå sommarstua.

Sønvis Olsen Holemo f. 1784 - 1841 på Sønvisgarden, Narjordet har dekorert døra, i 1820/30 åra.

Løva.

Den «vaktande» løva er skåre av Håkon Mikkelsen Moseng, Os, f. 1846, som lærte å skjære i tre da han satt i tukthus på Akershus festning. Løva er skåre like etter at han kom ut frå derifrå, i 1860 åra. (Privat eige).

Kista

Rikholdige utstyrskister var tidlegare symbolet på velstand. Kista i Stallen er rikt dekorert, i ein etter kvart typisk østerdalsdekor med marmorering og lasering, med stilistiske formtrekk. Innhaldet viser dømer på eldre (frå 1860/70 åra) og yngre strikke- tradisjoner, i form av luer og votter.

Takk

Museumssentret Ramsmoen er dykk ein stor takk skyldig for all støtte til utstillinga, både økonomisk og med utlån av gjenstander. Ein spesiell takk til Norsk Kulturråd, Hedmark fylkeskommune og Sparebanken Hedmark for økonomiske bidrag. Mange takk til alle dykk som lånte ut gjenstander, både dei som vart brukt og dei som vart til overs.

Museumssentret Ramsmoen håper fortsatt på eit godt samarbeid med bygdefolket i Nord-Østerdalen.

